

Kvinnherad Energi har delt ut 200 000 til 15 lag og organisasjonar som arbeider for og med barn og ungdom og dei driftige fotball-laga i kommunen har også fått sin del av denne overrislinga.

Det gjeld til dømes fotballgruppa i Uskedalen som har fått 15 000 til ny grasklyppar på Heio.

Og det gjeld fotballdruppa til Rosendal turnlag, som har fått 25 000 til nye mål for barn og ungdom. På turnlagets lag er det også spelarar frå Uskedalen.

2. pinsedag, altså i morgon, er til dømes 5 lag frå Uskedalen i aksjon under ein årleg minicup i Rosendal frå klokka 11 til 16. Dei 42 laga er fordelt på 19 gutelag, 13 jentelag og 10 mixlag og så mange har det vore med berre ein gong tidlegare.

Cupen er frå dei som er mellom 6 og 10 år.